



Naustdal-Gjengedal
verneområdestyre

Møteinnkalling

Utval:	Naustdal-Gjengedal verneområdestyre
Møtestad:	Teams
Dato:	23.02.2026
Tidspunkt:	08:00

Eventuelt forfall må meldast snarast til verneområdeforvaltar. Vararepresentantar møter etter nærare beskjed.

Saksliste

Utvalgs-saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv-saksnr
ST 4/26	Godkjenning av innkalling og sakliste		
ST 5/26	Val av styremedlem som skal signere protokoll		
RS 1/26	Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - orienteringssaker til styremøte 1-2026		2019/4183
ST 6/26	Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde - søknad om fleirårig snøskuterløyve til Årdalskupa - Bjørn Ove Årdal		2026/697
ST 7/26	Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - møteplan for 2026		2019/2581
ST 8/26	Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - fordeling av tiltaksmidler for 2026		2019/4173
ST 9/26	Eventuelt		

ST 4/26 Godkjenning av innkalling og sakliste
ST 5/26 Val av styremedlem som skal signere protokoll



Arkivsaksnr: 2019/4183-29

Sakshandsamar: Alf Erik Røyrvik

Dato: 18.02.2026

Utval	Utvalssak	Møtedato
Naustdal-Gjengedal verneområdestyre	1/26	23.02.2026

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - orienteringssaker til styremøte 1-2026

Innstilling frå forvaltar

Styret tar orienteringssakene til vitande.

Saksopplysningar

Økonomi

Styret er tildelt eit driftsbudsjett på 140.000 i 2026. Det inkluderer 90.000 til drift av styret og 50.000 i grunnstøtte til infrastruktur. Tildelinga er i tråd med budsjett og søknad.

Rapportering av meldingar til politiet

Miljødirektoratet sende i januar eit brev til verneområdestyret med oppmoding om å rapportere tilbake tal saker styret har meldt til politiet i 2025. Forvaltar har rapportert tilbake at styret ikkje har meldt nokon saker til politiet.

Vokteren

I desse dagar går realityprogrammet Vokteren på Tv2. Dei søkte i fjor om omfattande motorferdsel i samband med innspeling i landskapsvernområdet, men fekk ikkje løyve. Innspelinga vart gjennomført her i regionen, men ikkje i verna natur. Episodane som er vist på tv til no har gått føre seg rundt Ålfotbreen LVO.



Klargjering av omgrepet "Militær operative virksomhet"

Klima- og miljødepartementet har sendt brev til verneområdestyret der dei presiserer og klargjer kva som ligg i omgrepet "militær operativ virksomhet", som i verneforskrifta er unntatt forbodet mot motorferdsel i verneområdet. Klargjeringa går på om militære øvingar er inkludert i omgrepet. Ordinære militære øvingar er ikkje ein del av unntaket, men utrykningsøvingar med militært personell er inkludert og har derfor generell dispensasjon. I Naustdal-Gjengedal vil det truleg vere mest aktuelt om 330-skvadronen i Florø skal øve i verneområdet.

Granhogst ved Vonagarden

Hogsten ved Vona er godt i gang. Torstein Holsen fekk med seg bra med folk og la ned ein god innsats i veke 7. Holsen estimerer at det er teke ut om lag 200 m³ rundt Vonagarden, og at dette både er vanleg gran og sitkagran. Det er målt 52 cm stålis på Vonavatnet og dermed er det særst gode forhold for å transportere tømmeret ut.



Arkivsaksnr: 2026/697-2

Sakshandsamar: Alf Erik Røyrvik

Dato: 16.02.2026

Utval	Utvalssak	Møtedato
Naustdal-Gjengedal verneområdestyre	6/26	23.02.2026

Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde - søknad om fleirårig snøskuterløyve til Årdalskupa - Bjørn Ove Årdal

Innstilling frå forvaltar

Bjørn Årdal får løyve til å bruke snøskuter frå Årdalen til Årdalskupa i samband med transport av forsyningar, utstyr, materialar og saltstein. Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta § 3 pkt 5.3 b og e, og gjeld for inntil tre turar kvart år i tida 2026-2028

Vilkår for løyve:

- Løyvet gjeld i perioden 25.februar til 30.april kvart av åra løyvet er gyldig.
- Det skal ikkje køyrast på søndagar eller på heilagdagane i påska.
- Løyvet skal vere med under køying.
- Køyretøy skal vere registrert, i forskriftsmessig stand og det skal nyttast hjelm.
- Køying må vere i tråd med kommunale reglar for snøskuterkøying.
- Statens naturoppsyn (tlf 97595102) skal varslast per SMS, og det skal skrivast køyrebok, før køying tek til.
- Det skal sendast rapport til verneområdeforvaltar (e-post eller sms) når transporten er gjennomført.



Saksopplysningar

Dokument i saka:

- Søknad om skuterløyve 2026-2028 frå Bjørn Ove Årdal
- Skuterløyve til Bjørn Ove Årdal 2023-2025

Søknaden

Bjørn Ove Årdal har sendt inn søknad om motorferdsel via det søknadsskjema som ligg på nett. Årdal søker om løyve til å køyre med snøskuter til hytte i Årdalskupa. Han søker om å få køyre inntil tre turar kvart år i perioden 25.februar til 30.april, i åra 2026 til 2028. Føremålet med køyringa er transport av ved, gass og proviant til hytta og i tillegg salt til beitedyra.

Søknaden vert vurdert etter

- Verneforskrift for Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde
- Naturmangfaldlova
- Forvaltningsplan for Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde

Regelverk

Motorferdsel er i utgangspunktet forbode i Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde, jamfør verneforskrifta § 3 punkt 5.1. Forvaltningsstyresmakta kan likevel gje løyve til enkelte former for motorferdsel til visse føremål. Mellom anna gjeld det snøskutertransport av forsyningar til hytter og transport av saltstein, jamfør § 3 punkt 5.3. b og e.:

5.3. Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til bruk av luftfarty, båt med motor, eller beltekøyrety på vinterføre i samband med:

[...]

b) transport av saltstein og liknande for husdyr på beite

[...]

e) transport av varer til hytter og stolar

[...]

Det er altso heimel i verneforskrifta til å gje løyve til det som er søkt om. Forvaltningsstyresmakta kan legge vilkår til eit eventuelt løyve.

Jamfør naturmangfaldlova (nml) § 7, skal alle vedtak som kan verke inn på naturmiljøet vurderast opp mot prinsippa i nml §§ 8-12.

Det er søkjaren sitt ansvar å få på plass naudsynte løyve frå andre instansar og partar, som til dømes kommunen og grunneigar, der dette er naudsynt.



Vurdering

Det er mange bygningar i Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde, og dei aller fleste er i bruk. Det fører til at ein jamleg vil ha behov for å transportere forsyningar og anna til desse bygningane. Her er det snakk om ei hytte som fleire grunneigarar/beitebrukarar eig i lag, og som vert brukt i samband med både beitebruk og rekreasjon. Beitebruken i området vil og føre med seg behov for transport av saltsteinar og anna landbruksrelatert materiell. Dette er naturlege og rimelege behov, også i verna natur.

Forvaltningsstyresmakta har som praksis å komme beitenæringa sine transportbehov i møte, innanfor dei rammene som verneforskrifta og anna lovverk set. Det står og i retningslinjene i forvaltningsplanen for verneområdet. Der står og at ein normalt sett vil få løyve til transport til hytter og støyler, inntil fem turar kvart år. Det som Årdal søker om her, både føremål og omfang, er altså godt innanfor det som forvaltninga brukar å gje løyve til.

Bjørn Årdal har hatt tilsvarande løyve i mange år, og forvaltninga har inntrykk av at løyva har blitt skjøtta bra. Vi har ikkje registrert utfordringar eller negative tilbakemeldingar. Transport til hytta kan løysast med enten snøskuter eller helikopter. Begge deler er skånsam ferdsel som i avgrensa omfang ikkje har nemneverdig innverknad på naturmiljøet. Naturmangfaldlova § 12 set krav om at mest skånsame metode er valt, og det er det i dette tilfellet.

Perioden som Årdal søker om å køyre i er 25.februar til 30.april. Det er ein vanleg periode for transportkøyring med snøskuter sidan føret oftast er best seint på vinteren og tidleg på våren. Traseen opp til Årdalskupa og sjølv Årdalskupa ligg inne i leveområdet til villreinen i Førdefjella, men området er verken kalvings- og oppvekstområde eller vinterbeite. Det betyr at køyring her i den perioden det er søkt om truleg ikkje er i konflikt med villrein i nemneverdig grad.

Det er søkt om tre turar kvart år over tre år. Det er eit rimeleg omfang. I forvaltningsplanen er det opna for inntil fem turar kvart år som eit rimeleg nivå. Når vi tar med oss at det her og skal vere transport til beitedyr inkludert i dei tre turane, er det særskilt moderat.

Området er populært til friluftsliv, både fotturar i barmarksesongen og skiturar på vinter og vår. Vi bør derfor ta høgde for at her vil vere ein del friluftaktivitet i den perioden det er søkt om å køyre. Denne aktiviteten er oftast lagt til helgane og til påska. Ein bør derfor prøve å unngå eller redusere motorferdsel då, slik at ein ikkje uroar friluftslivet unødig.

Ruta frå Årdalen i Jølster, opp til Stegsvatnet og inn til Årdalskupa er eit område som forvaltninga kjenner godt, gjennom fleire saker og tiltak siste åra. Styret var og på tur her i 2025. Vi kjenner ikkje til verneverdiar eller naturverdiar i dette området i denne tida av året som kan verte negativt påverka av sopass avgrensa motorferdsel. Kunnskapsgrunnlaget i saka (jamfør nml § 8) er godt og føre-var-prinsippet i nml § 9 treng ikkje vektleggast.

Det er ikkje andre gjeldande løyve til snøskuterkøyring i dette området. Den samla belastninga av motorferdsel i dette området er soleis liten (jamfør nml § 10). Eit løyve her er og innanfor retningslinjene som er sett i forvaltningsplanen og vil derfor ikkje skape presedens.

Naturmangfaldlova § 11 er ikkje relevant i saka.



Dette er, slik forvaltaren ser det, ei kurant og lite problematisk sak. Transport til hytter og transport av saltstein er omtala i verneforskrifta og tiltaket som det er søkt om her er godt innanfor retningslinjene i forvaltningsplanen.

Utval	Utvalssak	Møtedato
Naustdal-Gjengedal verneområdestyre	7/26	23.02.2026

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - møteplan for 2026

Innstilling frå forvaltar

Verneområdestyret fastset datoar for:

- Styremøte 2/2026
- Styremøte 3/2026
- Styremøte 4/2026
- Møte med Rådgjevande utval

Saksopplysningar

Verneområdestyret må sette opp ein møteplan for 2026. Det er lagt opp til fire styremøte i løpet av året i budsjettet og det er og det som er minimum i følgje vedtektene til styret. I tillegg skal det vere minst eitt møte med Rådgjevande utval, og styret bør og sette av datoar for ein eventuell studietur.

Forvaltar har gått gjennom møteplanane til dei respektive kommunane og fylkeskommunen slik at vi skal unngå å kollidera med datoane. Eg har sjølv sagt ikkje høve til å sjekke datoar opp mot jobb og private planar, og derfor er det naudsynt at vi tar ei runde i styre og finn datoar for møta.

Styret kan og gjerne fastsette stad for dei enkelte møta. Styremøte nr 1 og nr 4 er mest vanlege å ha som innandørs møte eller digitalt møte. Styremøte nr 2 og nr 3 kan gjerne kombinerast med tur eller synfaring. Vi hadde ein veldig bra tur til Longevasshytta i fjor, og kan kanskje prøve å få til ein liknande tur i år.

Styret bør og bestemme kor møta skal vere. Det er tradisjon for å rullere på møtestadar slik at styret besøker ulike delar av verneområdet og innfallsportar.

Aktuelle datoar for styremøta:

Styremøte 2/2026:

18.mai
19.mai
21.mai
22.mai
26.mai
29.mai
8.juni
9.juni
11.juni
12.juni
15.jun
19.juni
22.juni
23.juni
24.juni
25.juni
26.juni

Styremøte 3/2026:

31.aug
1.sept
7.sept
8.sept
10.sept
11.sept
21.sept
22.sept
23.sept
25.sept
28.sept
1.okt
2.okt

Styremøte 4/2026:

16.nov
17.nov
20.nov
23.nov
24.nov
25.nov
30.nov
1.des
2.des
3.des
4.des
7.des
10.des
11.des



Rådgjevande utval

Styret kan gjerne sette dato for møte i Rådgjevande utval allereie no. Vi brukar å ha eitt fast møte med utvalet på hausten kvart år. Utvalet har sjølv sagt at dei helst vil ha det i september. Det er då nærliggande å legge møtet saman med styremøte 3/2026 dersom det er praktisk mogeleg.

Studietur

Det er ikkje lagt opp til studietur eller liknande reiseverksemd i 2026. Men dersom styret ønskjer at vi ser på det, so kan vi prøve å få det til innanfor det budsjettet vi har fått tildelt.



Arkivsaksnr: 2019/4173-35

Sakshandsamar: Alf Erik Røyrvik

Dato: 17.02.2026

Utval	Utvalssak	Møtedato
Naustdal-Gjengedal verneområdestyre	8/26	23.02.2026

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - fordeling av tiltaksmidler for 2026

Innstilling frå forvaltar

1. Naustdal-Gjengedal verneområdestyre fordeler tiltaksmidlane for 2026 på følgjande måte:

Navn	Søknad	Fordeling
Skjøtsel på Ravnestadstøylen	25 000	25 000
Skjøtsel på Myklandsstøylen	20 000	20 000
Skjøtsel på Arnestadstøylen	50 000	50 000
Skjøtsel på Fitjestøylen	50 000	50 000
Skjøtsel på Gimmostadstøylen	50 000	50 000
Skjøtsel på Nesstøylen / Ytre Kandsstøylen	40 000	40 000
Skjøtsel på Ryggjastøylen	50 000	50 000
Buføringsveg i Traudalen	25 000	20 000
Nibberåsa i Traudalen	10 000	10 000
Remerking av stiar	30 000	25 000
Vedlikehald av kloppar	75 000	60 000
Nytt informasjonsskilt i Angedalen	60 000	60 000
Fjerning av gran	10 000	100 000
Stien gjennom Ura ved Storevatnet	25 000	15 000
Innkjøp av bandtvangskilt	30 000	10 000
Buføringsveg mot Breidalen	60 000	25 000
Bru ved Longevasshytta	120 000	120 000
Samlet pott	730 000	730 000



2. Verneområdeforvaltar har fullmakt til å omdisponere inntil 20.000 kr utan at det krev vedtak i styret. Større omdisponeringar enn det krev godkjenning i verneområdestyret.
3. Av grunnstøtta til drift av infrastruktur vert 20.000 sett av til drift av toalett i ved Gjengedalsstøylen, Gimmestadstøylen, Nesstøylen og i Langedalen. Dei resterande 30.000 vert ikkje fordelt no.
4. Timesats for arbeid i skjøtsalsavtalane vert sett til 410 kr per time.

Saksopplysningar

Dokument i saka:

- Søknad om tiltaksmidlar for 2026
- Tiltaksplan
- Tildeling av tiltaksmidlar for 2026

Fakta i saka

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre sendte før jul i fjor inn søknad om tiltaksmidlar til Miljødirektoratet. Søknaden inneheldt 17 ulike tiltak og det vart totalt søkt om 730.000 til desse tiltaka. Søknaden byggde på revidert tiltaksplan for verneområdet.

NB: Når vi no fekk tildelinga oppdaga forvaltar at han har gjort ein feil då søknaden vart sendt inn. I følge vedtaket i siste møte i 2025 skulle styret søke om 100.000 kr til fjerning av gran. Ved ein tastefeil vart det med null for lite i søknaden, og derfor berre søkt om 10.000 til det tiltaket. Derfor var den samla søknaden på 730.000 og ikkje på 820.000 som det skulle vore.

Miljødirektoratet har no handsama søknaden og fordelt tiltaksmidlane frå den aktuelle posten på statsbudsjettet. Naustdal-Gjengedal har fått 730.000. Alle tiltaka er formelt sett godkjent, men Miljødirektoratet set som vilkår for ny bru ved Longevasshytta at ansvarsforhold for brua er avklara.

Vi har fått pris på bru av den type vi ønskjer å bruke ved Longevasshytta. Bru på 6 m kostar 101.000 og bru på 7,5 m kostar 122.000. Forvaltar har og sjekka prisar på bandtvangskilt. Der er fleire typar på marknaden, og dei kostar frå rundt 250 til over 1500 kr eks mva per skilt, avhengig av kstørleik og kvalitet.

Vi har ikkje formelt fått tildeling av driftsmidlar og grunnstøtte enno, men forvaltar har fått lovnad om at vi får 50.000 i år og.



Vurdering

I søknaden har alle tiltaka ei unik prioritering frå nummer 1 til nummer 17. Det er naturleg at styret tek utgangspunkt i søknaden, men styret står fritt til å både endre prioritering og endre på summene til kvart tiltak.

Styret har fått tildeling som ikkje er so langt unna søknaden. Unntaket er tiltaket som gjeld fjerning av gran, der det som sagt vart gjort ein feil i søkanden. Slik sett er det naturleg å fordele same sum til dei fleste tiltaka som det vart søkt om.

Når det gjeld det omtalte grantiltaket, so har vi allereie sett i gang arbeid på dette tiltaket, og i praksis bunde opp dei 100.000 som vi opphavelg trudde vi hadde tilgjengelege her. Tiltaket er som forvaltar har peika på tidlegare veldig godt og vi kan her nytte ein sjanse som vi sjeldan får. Forvaltar vil derfor råde til at styret held på dei 100.000 som er planlagd og for so vidt allereie bunde opp her. Og so må vi spare inn 90.000 på andre tiltak.

Forvaltar vil og råde til å holde på dei summene som var sett opp på skjøtselsavtalane. Det har vore gjort veldig godt arbeid gjennom desse avtalane siste åra, og det vil vere bra å halde innsatsen oppe. Vi brukar og å justere opp timesatsen kvart år (med KPI) og då bør ein helst ikkje redusere rammene.

Forvaltar har sett opp eit forslag til fordeling etter følgjande prisnipp:

- Halde skjøtselstiltaka på planlagt nivå, inkludert granfjerning.
- Halde summen på bru ved Longevasshytta på planlagt nivå. Her vil komme til kostnad med transport og montering og.
- Innkjøp av rundt 30 bandtvangskilt til ca 300 kr per stk.
- Redusere noko på vedlikehald av kloppar og heller dekke det inn med grunnstøtte.
- Redusere summar på stiarbeid i Traudalen, Breidalen, Gjengedalen og merking.

Eit anna alternativ er å i større grad halde på dei opphavlege summene, og heller kutte ut eller utsette heile tiltak. Ein kan til dømes kutte ut brua ved Longevasshytta. Eller ein kan kutte ut to av stiltaka (Breidalen + Traudalen eller Gjengedalen). Ein kan då vurdere å søke om midlar til desse i supplerande tildelingar gjennom året. Miljødirektoratet har fleire slike gjennom året.

Det vil ofte komme endringar og justeringar gjennom året. Derfor kan det vere greitt om forvaltar får fullmakt til å omdisponere inntil ein viss sum utan at dette krev vedtak frå styret.

Verneområdestyret har også i år fått 50.000 i grunnstøtte til drift av infrastruktur. Desse kan brukast på vedlikehald, drift, reperasjonar og liknande. Dei kan og bli ståande til eventuelle oppdukkande behov gjennom året.

ST 9/26 Eventuel